

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 27. august 2021

Stad: Thon hotell Hallingdal, Ål

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Petter Rukke	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Tore Haraldset	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Henrik Skovly	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Hege Mørk	Gol kommune

Forfall

Karsten Dideriksen	Ål kommune
Reidun Katrine Halland	Hemsedal kommune

Desse møtte frå Viken fylkeskommune:

Iselin Haugo, pol.
Magnus Weggesrud, pol.
Lasse Narjord Thue, adm

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar
Linda Dalene Bjerke, prosjektleiar

SAK 50/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 28. MAI**Vedtak:**

Protokollen frå møte 28. mai 2021 er godkjent.

SAK 51/21 ORIENTERINGAR FRÅ HFK VED JAN-EIRIK "JANSEN" THORBERG

Jan Erik «Jansen» Thorberg informerte om:

1. Regional fotballhall (Air dome) på Gol
2. Fordeling av kulturmidlar til regionale lag.
3. Fordeling og bruk av solidaritets-, integrerings- og inkluderingsmidlar.
4. Søknadsopptak vgs og nærskulealternativ for Skurdalen, Dagali og Flå.

SAK 52/21 BUSKERUD BYGNINGSVERNSENTER. SØKNAD OM STØTTE**Vedtak:**

1. Regionrådet for Hallingdal synest det er positivt at Buskerud bygningsvernsenter startar opplæringsprogram i tradisjonshandverk i Hallingdal.
2. Regionrådet for Hallingdal kan dessverre ikkje imøtekoma førespurnaden frå bygningsvernsenteret om støtte til lønskompensasjon for deltakarane på kurs i tradisjonelle bygghandverk på Nesbyen.

SAK 53/21 HANDLINGSPROGRAMMET TIL STRATEGISK PLAN HALLINGDAL**Vedtak:****Forslag til vedtak**

1. Regionrådet vedtek enkeltpunkta i handlingsprogrammet som er vist i tabellen på neste side, og rår kommunane til i innarbeide dei aktuelle tiltaka i sine budsjett for 2022.
2. Regionrådet ber dagleg leiar og Rådmannsutval samarbeide for å få til eit godt og meir spissa planprogram som det er realistisk å gjennomføre.

NÆRINGSLIV	
Næringsutvikling og arbeidsplassar	
1	Utgreie eit regionalt innkjøpskontor med 2-3 tilsette. Hovudoppgåver skal vera innkjøp og kontraktsoppfølging
2	Arrangere yrkesmesse i Hallingdal
3	Sikre tilstrekkeleg tal på lærlingplassar i Hallingdal. Kommunane skal tilby minst 2 lærlingplassar pr. 1000 innbyggjar

KLIMA OG MILJØ	
Ein grønare dal (tydelegare organisering)	
4	Få på plass ein klimakoordinator i Hallingdal
ATTRAKTIVITET OG OMDØMME	
Livskvalitet	
5	Innføre bu og blilyst prosjekt i alle kommunar. Dette handlar om stadsutvikling, nytiflytting, integrering, trivsel og involvering av dei som bur i dalen, mobilisering av frivillige osb.
6	Vurdere innføring regionalt friluftsråd
Profilering	
7	Etablere ein overordna informasjons/profileringskanal for Hallingdal. (Hallingdal.no, Fritid Hallingdal, Kva skjer i Hallingdal, destinasjonsselskapa, Kommunane, regionrådet, ulike bookingsider, Jobb i Hallingdal)
8	Vurdere ein stilling øyremerka profilering og drift av Hallingdal.no + sosiale medier
TENESTEUTVIKLING	
Fagmiljø	
9	Innarbeide velferdsteknologiprosjektet i kommunane, samt få på plass ein regional ressurs

SAK 54/21 MANDAT TIL SAMFERDSELSGRUPPE – HALLINGDALSLØYSINGA

Vedtak:

1. Regionrådet vel Tor Egil Buøyen, Flå og Bård Heio, Nesbyen som kommunale representantar til samferdselsgruppa
2. Regionrådet for Hallingdal vedtek følgande mandat for samferdsleutvalet:
 1. Samferdsleutvalet sitt oppdrag er å ta initiativ og arbeide for at Hallingdal skal lykkast for å få realisert viktige satsingar innan veg og bane.
 2. Utvalet skal følgje opp Regionrådet sine prioriteringar og koma med forslag til mål og strategiar, inkl. kommunikasjonsstrategi.
 3. Det er Regionrådet for Hallingdal som til ei kvar tid prioriterer satsingsområder, men utvalet kjem med forslag.
 4. Samferdsleutvalet har, etter nærmare avtale, høve til å engasjere rådgjevingshjelp om dette blir vurdert som nødvendig.
 5. Samferdsleutvalet er ei nyordning der det vil vera rom for justering av mandat når det er gjort nærmare erfaringar med ordninga.
 6. Utvalet rapporterer til Hallingtinget 2 gonger pr. år.
 7. Regionrådet stiller med administrativ ressurs.

SAK 55/21 HALLINGDAL SOM SAMFERDSELSPILOT – SAMARBEID MED VIKEN**Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal ønskjer å engasjere seg i dette arbeidet og vil gje nærmere avklaringar med fylkesrådsleiar Tonje Brenna.

SAK 56/21 HØYRING HANDLINGSPROGRAM FOR SAMFERDSEL 2022-25 - VIKEN FYLKESKOMMUNE.**Vedtak:**

1. Det kom fram forslag til endringar i møte. Administrasjonen arbeider vidare med høyringsutkastet og kjem med nytt forslag til uttale utifrå drøftingane i Regionrådet
2. Regionrådet inviterer Viken fylkeskommune til Hallingdal for dialog og synfaring på aktuelle fylkesvegar.

SAK 57/21 INFORMASJON OM «SATS PÅ HALLINGDAL»

Omstillingsprosjektet «Sats på Hallingdal» har starta opp. Trøndelagssirmaet «Proneo» har vorte hyra inn for å gjennomføre forprosjektet. Dei vil intervjuer næringsliv, politisk og administrativt tilsette frå kommunane.

SAK 58/21 POLITIRÅD – SAMARBEIDSAVTALE

Forslag til samarbeidsavtale vart lagt fram for Regionrådet for ein gjennomgang. Kommunane får denne til behandling slik at ein kan gje vedtak i slutten av oktober i Hallingtinget.

SAK 59/21 REVITALISERING AV HUR OG UNGDOMSRÅDA I KOMMUNANE V/LINDA DALENE BJERKE**Vedtak:**

Regionrådet rår kommunane til å prioritere arbeidet med ungdomsråd, både når det gjeld sekretærfunksjon administrativt, og involvering frå politisk leiing.

Det bør jobbast med felles retningsliner for ungdomsråda i Hallingdal og lik godtgjering for møta. Regionrådet inviterer leiarane av ungdomsråda i Hallingdal og sekretærane til felles inspirasjonssamling i Hemsedal.

SAK 60/21 FINANSIERING AV YRKESMESSA

Hallingdal har i mange år arrangert yrkesmesse på Storefjell, der fylkeskommunen har vore med og finansiert ein stor del av det. No har fylkeskommunen sagt nei til å finansiere messa. Regionrådet meiner det er nødvendig å ta ein runde til med fylkeskommunen.

Vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal vedtek at yrkesmesse 2022, skal arrangerast.
2. Administrasjonen blir bedt om å gå ein ny runde med Viken fylkeskommune for å få landa finansieringa.

SAK 61/21 TV OVERFØRING AV KOMMUNESTYREMØTER I KOMMUNANE.**Vedtak:**

1. Regionrådet rår til at alle kommunar i Hallingdal innfører ordninga med TV overføring av kommunestyremøta i tillegg til FM overføring og at det vert inngått avtale med Radio Hallingdal om dette. Oppstart kan skje så snart kommunen er klar for det.
2. Regionrådet ber dagleg leiar utarbeide avtale med Radio Hallingdal basert på tilbodet som er gitt i anbodskonkurransen. Denne avtale skal signerast av ordføraren i kvar kommune.

SAK 62/21 SAMARBEIDSAVTALE OM DRIFT AV ETABLERERTESTA I VIKEN 2022-2025**Vedtak:**

1. Regionrådet vedtek samarbeidsavtale for etablerertenesta 2021 – 2025 og rår kommunane til legge kostnaden inn i sine budsjett.
2. Rådsordførar får fullmakt til å signere avtala med avtalepartane.

SAK 63/21 VAL AV LEKDOMMAR/NESTLEIAR I HALLINGDAL FORLIKSråD**Vedtak:**

Regionrådet vel Gerd Kristin Jorde inn som ny lekdommar/nestleiar Hallingdal forliksråd 2021- 2025.

SAK 64/21 EVENTUELTT**INFO OM BEREKRAFTIG REISEMÅL**

Berekraftig reisemål del 2, er i gong. Nesbyen, Gol, Hemsedal og Ål deltek. Kommunane får informasjon frå sine prosjektleiarar eller frå Linda Dalene Bjerke.

PARTNARKAPSAVTALE MED VIKEN

No kan me gå ut med at partnarksapsavtala med Viken fylkeskommune vart signert 1. Juli.

VAL AV VARA TIL STYRE FOR HALLINGDAL FOLKEHØGSKULE**Vedtak:**

Regionrådet vel Merete Gandrud som vara til styret for Hallingdal Folkehøgskule

STUDIETUR/SAMARBEID MED ANDRE REGIONAR

Administrasjonen får i oppdrag å koma opp med eit forslag til studietur som kan inspirere oss i arbeidet med strategisk plan, omstillingsarbeidet el.a.

Tre forslag vart løfta fram i iderunden:

- Kommunar med omstillingserfaring
- Smart city /internasjonal satsing
- Klima Østfold el. tilsv.

HØYRING PLANPROGRAM REGIONALE PLANAR I VIKEN MED FRIST 24.SEPTE.

Regionrådet for Hallingdal utarbeider ei felles høyring frå Hallingdal. Innspel frå kommunane til administrasjonen i Regionrådet må vera inne i løpet av veke før 13. sept. 2021. Saka kjem opp att i Regionrådet 24. sept.

PROBLEMSTILLING KNYTT TIL SKULESKYSS FOR ELEVAR PÅ VGS.

Pål Rørby tok opp problemstillinga der det er manglende dialog mellom VGS både på Ål og på Gol og Brakar. Dette gjer at nokre elevar må vente opp til 3-4 timer om dagen fleire dagar i veka.

Vedtak:

Regionrådet tek initiativ til eit møte mellom Regionråd, VGS, elevråd og Brakar for å sjå etter betre løysingar.

UTTALELSE TIL SAK VDR BUSSRUTA GOL – FAGERNES.

Innlandet vurderer å legge ned bussruta mellom Gol og Fagernes.

Heidi Granli spør om Regionrådet kan vera med på å signere på ei høyringsuttale.

Vedtak

Ordførarane i dalen vil signere uttale frå Gol

OPPSUMMERING ETTER MØTE MED NORTURA

Regionrådet ved ordførarane hadde eit svært positivt møte med leiinga i NORTURA

Me var einige om å fortsette den gode dialogen og sjå på utvikling vidare.

Hallingdal, 1.september 2021

for rådsordførar

Jan Olav Helling

Dagleg leiar